

Statkraft varslar ein renessanse for fleksibel vasskraft

(Mauranger 7. juni 2022) **Statkraft har i dag søkt NVE om konsesjon for ei stor modernisering av Folgefonnreguleringa i Kvinnherad og Ullensvang i Hardanger. Elektrifisering og ny industriutvikling er venta å gje auka etterspurnad etter fornybar energi. Auka etterspørsel og meir energi frå variabel kraftproduksjon vil gi større behov for regulerbar kraft. Vasskraft vil gi både meir effekt og meir energi.**

I konsesjonssøknaden vert det søkt om å auke installert effekt frå 250 MW til 880 MW. Prosjektet vil i tillegg gje 70-80 GWh ny, rein energi inn i kraftsystemet, stilvararande straumforbruket til 5000 hushaldningar. Det er 40 år sidan sist Statkraft søkte om konsesjon for eit så stort vasskraftprosjekt. Moderniseringa vil gjere Mauranger II til Noregs femte største kraftverk målt i effekt.

– Vi ser at det i framtida vil bli auka behov for meir fleksibilitet og effekt. Vi kan bidra til dette gjennom å oppgradere vasskraftverk. Auka behov for kraft og eit betre skattesystem gjer at det no er mogeleg å få til store prosjekt, og Statkraft leverer no konsesjonssøknad for Folgefonn. Behovet for auka fleksibilitet kan gje ein renessanse for eksisterande norske vasskraftverk, seier konsernsjef i Statkraft, Christian Rynning-Tønnesen.

Auka effekt for industrien

Moderniseringa av Mauranger kraftverk vil auke effektkapasiteten i kraftsystemet på Vestlandet, og saman med utbygging av nett vere ein del av løysinga på denne utfordringa. Prosjektet legg dessutan til rette for Noregs havvindsatsing og ny industribygging.

Utbygginga vil vere ei av dei større investeringane i industriutvikling i fastlands-Noreg. Det vil ta omlag 3 år før detaljplanlegginga kjem i gang. Byggestart kan bli i 2026. Naturinngrepa knytt til prosjektet vil vere avgrensa. Miljøkonsekvensar og naturinngrep vil vere ein del av konsesjonsprosessen.

Jaktar på lønnsame prosjekt

– Statkraft vurderer kontinuerleg behovet for rehabilitering og om det er mogleg med oppgraderingar, utvidingar og re-design av vasskraftanlegga våre. Vi går no gjennom heile vasskraftporteføljen på jakt etter lønnsame prosjekt. Vi trur det vil kome fleire liknande prosjekt i åra framover, seier konserndirektør for produksjon i Statkraft, Hilde Bakken.

Statkraft har investert meir enn 20 milliardar kroner i norsk vasskraft sidan 2005, og så langt i 2022 opna to vasskraftverk, Storlia kraftverk i Eidfjord og Vesle Kjela i Vinje. Både Folgefonn, Storlia og Vesle Kjela er lønnsame prosjekt i eksisterande anlegg i allereie regulerte vassdrag som vil gje ny energi med avgrensa naturinngrep.

For meir informasjon:

Knut Fjerdingsstad, pressetalsperson Statkraft. knut.fjerdingsstad@statkraft.com tlf. 90186310

++

Statkraft er eit leiande internasjonalt selskap innan vasskraft og den største leverandøren av fornybar energi i Europa. Konsernet produserer vasskraft, vindkraft, solkraft og gasskraft og leverer fjernvarme. Statkraft er ein global marknadsaktør innan energihandel og har 4800 tilsette i 19 land.